

## Saksgang

Utv	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		25.03.2021

## Tilskot til sikring og istandsetjing av verna fartøy 2021

### Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune løyver tilskot til sikring og istandsetjing av verna fartøy frå budsjettpost 440306 slik:

	Fartøy	Søkjar	Tilskot 2021	Tilsagn 2022
1	Amy VII	Gunnar A Wilson Ramstad	200 000	
2	Atløy	Veteranbåtlaget Atløy	300 000	300 000
3	Axel	Odd Harald Turøy	190 000	
4	Brand VI	Åge Hjortland	0	
5	Dokken	Opsangervågen kystlag	0	
6	Eitrheim	Jan Helge Oppedal	7 500	
7	Erkna	Atle Audun Remøy	50 000	
8	Faun	Stiftinga Hardanger og Voss museum	0	
9	Feie	Bergen seilskøyteklubb	150 000	
10	Folgefonn I	Stiftinga Hardanger og Voss museum	1 900 000	1 400 000
11	Gamle Nyborg	Asgeir Larsen Andersen	200 000	100 000
12	Granvin	Veteranskipslaget fjordabåten	1 800 000	700 000
13	Hardingen sr.	Vestlandske trafikk AS	0	
14	Haugefisk	Kystmuseet i Sogn og Fjordane	150 000	
15	Levang	Langholmen transport AS	0	
16	Lindenes	Veteranbåtlaget MS Lindenes	700 000	0
17	Markol V	Bergen kommunale kystkultursenter AS	0	
18	Mathilde	Stiftinga Hardanger og Voss museum	280 000	
19	Midhordland	Det Midhordlandske Dampskipsselskap AS	150 000	
20	Oster	Nordhordland veteranbåtlag	150 000	
21	Quest	Ståle Eikeland	0	
22	Sjødampsprøite I	Bergen brannkorps Historielag	100 000	200 000
23	Sjøgutt	Terje Midtun	500 000	230 000

24	Skånevik	Ferjelaget Skånevik	250 000	
25	Solundir	Vetranbåtlaget Atløy	80 000	
26	Stangfjord	Veteranbåtlaget M/S Stangfjord	100 000	120 000
27	Stavenes	Veteranskipslaget Stavenes	1 000 000	150 000
28	Stord I	Stiftelsen D/S Stord 1	200 000	100 000
29	Sunnhordland	HSD Sunnhordland AS (øyremerka tilskot)	1 200 000	
30	Svanhild	Stiftinga Svanhild	80 000	
31	Tysnes	Geir Røssland	0	
32	Tysso	Kraftmuseet - NVIM	13 500	
33	Vaarsol	Opsangervågen Kystlag	0	
34	Vestgar	Øygardsbåtane AS	500 000	200 000
35	Vikingen	Stiftinga Hardanger og Voss museum	0	
36	Vulcanus	Vulcanus Taubåtkompani	149 000	
<b>SUM</b>			<b>10 400 000</b>	<b>3 500 000</b>

2. Fylkesdirektøren får fullmakt til å fordele inntil kr 400 000,- i tilskot til strakstiltak. Dersom tiltak jf. tabellrad 1-36 ikkje let seg gjennomføre i tråd med føresetnadane for tildelinga, får fylkesdirektøren høve til å omfordеле midlane til ein eller fleire av dei innkomne søknadane. jf. pkt. 1 ovanfor.
3. Fylkesdirektøren set nærmere vilkår for bruken av tilskota som er fordelt.
4. Ein ber administrasjonen gå i dialog med Riksantikvaren for prioriteringar og rolleavklaringar i tilskotsforvaltninga mellom direktorat og fylkeskommune.

#### Samandrag

Saka gjeld fordeling av tilskot til sikring og istandsetjing av verna fartøy. Målgruppa er eigarar av fartøy som er freda eller har fått tildelt status som «verna fartøy» av Riksantikvaren. Gjennom såkalla SAVOS-tilskot tildeler Riksantikvaren statlege midlar til kommunar og fylkeskommunar som sjølv gjev midlar til fartøyvern, i tilhøvet éin til éin. I tillegg til dei regionale tilskota på kr 800 000, kjem altså ein tilsvarande sum frå Riksantikvaren. Nytt frå i år, er at også dei statlege midlane frå post 74 skal fordelast gjennom denne ordninga. Riksantikvaren sitt rammetilskot for 2021 til fartøyvern i Vestland er skuffande og kring 3. mill. lågare enn tidlegare år.

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

David J Aasen Sandved  
seksjonssjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fartøy utgjer ein viktig del av den norske kulturarven, og Vestland er det fylket med flest freda og verneverdige fartøy i landet. Fartøyvern er eit fagområde der frivillige, lag og organisasjonar har teke på seg eit stort fagleg og økonomisk ansvar. Tilskotsordninga for sikring og istandsetjing av verna fartøy er eit bidrag frå det offentlege for å stø opp under dette arbeidet.

Budsjett 2021*	10 800 000
Søknadsfrist for tildeling	1. november 2020
Vedtakskriteria	«Retningsliner og vilkår for tilskot fra statsbudsjettet kap. 1429 post 71-79» og «Reglement for økonomistyring i staten»
Informasjon om ordninga	Nettstad og utlysing i trykte media

Tal på søknader	36
Tal på søknader som er tilrådd tilskot	26
Samla søknadssum	58 065 672
Tilrådd til fordeling 2021	10 400 000
Tilrådd til fordeling tilsagn 2022**	3 500 000
Straksmidlar / klagehandsaming	400 000

\*Budsjett 2021

Budsjett 2021:	
Tilskot VLFK 2021	800 000,-
SAVOS (matchingsmidlar)	800 000,-
Statsbudsjettet post 74	8 000 000,-
Øyremerk tilskot	1 200 000,-
	<b>10 800 000,-</b>

\*\*Tilsagn 2022 3 500 000,-

10,4 millionar kroner skal fordelast til fartøya for 2021 over denne ordninga. I tillegg skal det gjevast tilsegn på 3,5 millionar kroner som tilskot for 2022 i same sak. Tilsegn vert nytta for å sikra naudsvnt progresjon og kontinuitet i komplekse og langvarige istandsetningsprosjekt.

For post 74 er det også holdt til et pris på kr 400 000,- til strakstiltak og eventuell klagehandsaming slik at samla tilskotsum er på 10,8 millionar.

36 av fartøya i Vestland søkte om tilskot frå post 74 for 2021. Samla søknadssum er på 58 millionar. Frå dei frede fartøya, som det offentlege har eit særskilt ansvar for, kom det søknad om vel 15 millionar til naudsynt sikring og istandsetjing. Tala syner stor trøng for sikring og istandsetjing av dei verna og freda fartøya i Vestland og at dekningsgraden i rammetilskotet frå Riksantikvaren er skuffande lågt.

Fylkesdirektøren peikar på tre faktorar som har fått stor betyding for prioriteringane i denne tildelingsrunden:

1. Vestland fylke har i høve til fjoråret, etter våre berekningar, fått ein reduksjon på vel 3 millionar i den statlege løyvinga over post 74.
  2. Fleire av dei store stål fartøya har pålegg med tidsfristar som gjeld til dels store utbetringar i skrog. Desse står i fare for å miste nødvendig sertifisering for 2021 sesongen.
  3. Retningslinjer for tildeling over post 74 krev prioritering av omfattande prosjekt som tidlegare er settet i gang av Riksantikvaren.

Summen som er til fordeling utgjer knapt 17% av søknadsmassen. Dei tre faktorane er kvar for seg utfordrande og når dei opptrer saman som i år, er det ekstraordinært. Dette har krevd ei streng prioritering av tiltak som kan tildelast midlar og det er i denne saka lagt vekt på «retningslinjer for tildeling frå statsbudsjettet kap. 1429 post 74. Her heiter det at følgjande tiltak skal prioriterast:

- Videreføre prosjekt som beslaglegg slipp eller dokk med arbeid som er finansiert av post

- Freda fartøy
- Fartøy som står i fare for å miste sertifikat utan utbetringar
- Fartøy med stor frivillig innsats

Fylgjande tiltak vert ikkje prioritert i 2021:

- Kosmetiske tiltak
- Tilbakeføringar eller endringar som ikkje inngår i allereie igangsette tiltak
- Igangsetting av nye prosjekt
- Igangsetting av prosjekt utan tilstrekkeleg tilstandsvurdering, restaureringsplan og prisestimat
- Tiltak som ikkje kjem fartøyet direkte til gode, som t.d. ulike former for formidlingsprosjekt og liknande

Prosjekta som er sette i gang må vidareførast på eit vis som og ivaretok inntening for slipp, verkstad og verft. Tildelte midlar til Vestland over post 74 strekk ikkje til, og fylkesdirektøren finn det naudsynt å gå bort frå praksisen der ein tidlegare har ytt tilskot til fleirtalet av fartøya og slik bidratt til å halda fartøya på eit akseptabelt vedlikehaldsnivå gjennom å stø opp om dei mange frivillige aktørane. Fylkesdirektøren ser at dette utfordrar Vestland fylkeskommune sin intensjon om å kunne tildele midlar til heile breidda av verna fartøy i fylket. Det er også ei utfordring at seglingssesongen 2020 har vore prega av Covid-19 situasjonen og difor redusert moglegeheitene for eigeninntening.

Også fartøy som oppfyller kriteria for tilskot, og/eller fell inn under prioriteringane over, har fått avslag, eller redusert tilskotsbeløp i forhold til søknaden. Med ei strammare prioritering, får færre fartøy stønad til sikring og istandsetjing over ordninga i 2021. Denne endringa må sjåast i samanheng med at fylkeskommunen som ledd i regionreforma, har overteke forvaltingsansvaret for ein verneflåte med fleire store og kostnadskrevjande prosjekt. Desse er initiert av Riksantikvaren ut frå vernefaglege vurderingar, men vil binde opp ein stor del av dei statlege løvingane til fartøyvernet i Vestland i mange år framover. I tillegg er øyremerka midlar og strenge kriterium medverkande til at handlingsrommet blir mindre og flåten av små og mellomstore fartøy fell ut av lista for tildeling. Denne flåten har gjerne entusiastiske og dyktige eigalarar eller lag som med små midlar held fartøya flytande.

Fylkesdirektøren merkar seg at Riksantikvaren sitt rammevedtaket om tilskot og tilsegn med statlege retningsliner går langt i å detaljstyre fylkeskommunen sine prioriteringar, noko som medfører ei innsnevring av det regionalpolitiske handlingsrommet. Detaljstyringa på kva som skal prioriterast vert særleg utfordrande når både dekningsgraden i ordninga og i rammtildelinga er så låg.

Fylkesdirektøren meiner prinsipielt at Riksantikvaren som direktorat ikkje bør nytte øyremerking i rammetilskota til regionalforvaltninga. Om budsjettforliket på Stortinget har ført til øyremerka tilskot, bør desse leggast til på toppen av eit «normalt» rammetilskot til fylkeskommunen, slik at den politiske vilja kjem til uttrykk og ikkje straffar dei andre eigalarane av verna fartøy i Vestland. Det same gjeld for dei regionale SAVOS-midlane, der Vestland fylkeskommune er eit fylka som bidreg mest i ordninga. For om SAVOS-ordninga skal ha ein funksjon må matchingsmidlane frå Riksantikvaren kome på toppen av det regulære rammetilskotet, ikkje dekke over manglande budsjettprioritering nasjonalt. Kombinasjonen av manglande budsjettmessige prioriteringar, direktoratet si faglege appetitt på fylling av fredningslister og igangsetjing av enormt kostnadskrevjande prosjekt fører no til at fylkeskommunen kjem i ein svært krevjande situasjon. Om ikkje direktorat, departement eller Storting gjer om på fylkeskommunen sine rammevilkår vil dette lamme både regionale prioriteringar og det samla fartøyvernfeltet i tiår framover. Dette vil vidare råke restaureringsverfta og engasjementet og verdiskapinga i frivillig sektor. Når Vestland fylkeskommune, som forvaltar den største verneflåten i landet, no i samband med overføring av den statlege tilskotsforvaltninga i realiteten opplev å få nedtrekk på kring 3. mill. i 2021, er dette kritisk, ikkje berre for Vestland, men fartøyvernfeltet nasjonalt. Fylkesdirektøren stiller seg soleis særskilt kritisk til korleis direktoratet har prioritert rammetilskota for fartøyvernet i 2021.

## Vedtakskompetanse

Vedtaksmynne i denne saka er heimla i Reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering.

Saker der utvalet har avgjerdsmynde:

- Fordeling av statlege tilskot og stønadsordningar som fylkeskommunen er sett til å ivareta innanfor sitt arbeidsområde.

Vurderingar og verknader

**Økonomi:**

Tilskotsordninga er ei statleg ordning og har ingen innverknad på det fylkeskommunale budsjettet.

**Klima:**

Målet har liten betyding for klimarekneskapen.

**Folkehelse:**

Fartøyvernet har eit stort tal med frivillige som har meiningsfulle oppgåver og får delta i eit interessefellesskap.

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):**

Strategi 2.2. Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling. Vestland skal sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar.

Strategi 4.1. Like mogelegheiter til å delta i verdiskaping. Vestland skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn.

Konklusjon

Fylkesdirektøren rår til å gjere vedtak slik saka ligg føre.